Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 39.

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Voss

Emne: Högtidsmat ved familiefestar.

Bygdelag: Kvitlé

Oppskr. av: Brita Lid, f. 28/1 1893.

Gard: Øvre Lid

(adresse): Lina Mork, Volda

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

A. Födselen.

1. Ja.
2. Dei kom enkeltvis.
3. Nei. Ikkje annarleis enn at dei ville ikkje ha det same alle.
4. I gamle dagar byrja dei 2 ore dagen etter födselen. For konene låg ikkje mange dagar, sume var ute att 4de dagen. Og skikken var at næraste gramkonene skulle koma medan kona låg. (Men dei ville ikkje koma alle med ein gong, så huset vart overfylt med mat. Difor kunne dei koma også etter at kona var oppe. Dei ordna seg etter einannan, så ikkje mange skulle koma samstundes, helst ikkje meir enn to på ein dag.

I mitt minne låg konene vanleg 12-14 dagar, og då byrja dei gå til dei ein 3-4 dagar etter födselen. Og då vart det oftast tid for alle å koma medan kona låg.
5. Dei kom berre ein gong.
6. Det var ymist. Graut, eller andre retter.
8. Frå gamalt brukte dei grautambær, blåmåla eller rosemåla, eller trekvit med

8295

svidne roser. Hadde dei ikkje det kunne dei bruka ein ein vanleg trekvit kvardags „grautambar".

I mitt minne var dei meir slutta med det. Hadde dei lang veg, bar dei grauten i eit spann, fekk ei skål i huset der dei kom, auste opp og pynta grauten med sukker og kanel og slikt som til höyrde. Var det nære grannar auste dei grauten i ei fin rosut skål - eller eit perlefat - og pynta han heime. Bar han anten i eit knyte, eller i ei rund svart korg med lok, „posakorg". Sume kunne ha litt sers fint og tunt flatbröd med, til å eta attåt grauten. Mange tok ikkje med, for dei visste at vanleg flatbröd fanst i kvar manns hus.

9. Dei kalla <u>ikkje</u> den grauten dei bar til barselkona for barselgraut. Det som kunne heita barselgraut hjå oss, var den grauten dei kokte i barselet. Namnet med barsel i vart berre brukt om dåpsgjestebodet. Sengemat var heller ikkje brukt.

Namnet på barselkona var sengjakona. All mat dei bar kallast „sengjakonemat". „Ga med sengjakonemat", var fast ordlag.

10. Ja, det var alltid kona sjölo som gjekk. Men ho kunne ha eitt eller to mindreårige born med seg. Dei skulle få sjå veslebarnet.

11. Dei tykte det var usömeleg, eller uhöveleg, at mannen var med.

8295 12. Ja, dei skulle få traktering. Den

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

kunne vera ymist. Men det var ingen skilnad om det var gut eller gjenta.
Trakteringa var ymist etter som dei kom lang eller stutt veg. Var det langfarande, slekt eller vener, skulle dei ha middagsmat fyrst, kaffi, kling og kaker etterpå. Hadde dei stutt veg, fekk dei kaffi, kling og ymse slag kaker eller vafler, og småkaker. Og ved sida av skulle det setjast fram av det dei hadde fått frå andre siste dagane, t. d. skåler med rjomegraut, skål med dravle, som dei kunne forsyna seg av. Fat med krotakling. „Du må no smakka grauten hennar Kirsti," sa dei. Eller „dravlen hennar Guro, han var so dansande god."
13. Det kallast „sengjakonevitla".
14. Sendingsfolket fekk alltid traktering. Hadde dei ikkje hjelp i huset, laut mannen ta seg på tak.
Nei, ho heldt ikkje noko konemåltid etterpå. Dei rekna det meiningslaust at ho skulle ta til med slikt stuk nyss etter ho var oppe att.
15. I gamle dagar ja. I mi tid gjekk sume også til dei ugifte. Andre ville ikkje gå, dei tykte dit var vanarande. Så det var ikkje fast skikk.
16. Det har på Voss aldri vore fast skikk at ein skulle berre gå med graut til sengekonene. Dei gjekk med det dei hadde, eller kunne få fat i. Den gamle nemninga „sengjakonemat" seier oss

8295
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

også det. Eg hugsar frå eg var lita at konene på garden snakka om dei måtte ikkje gå med same slag mat alle. Den stakkars sengekona kom til å verta matlei av berre ein sort. Hadde dei slakt av eit eller anna slag, laga dei ein kjøtrett med grønsaker, poteter og sos. Sviskesupa eller disor etterpå. Var det sumaren og kyrne på stølen, kunne dei ta heim nysila mjølk og koka risgraut med rosiner i. På den årsens tid var retter av søt mjølk sjeldne. Rjømegrauten kokte dei uspedd. Men det var mykje brukt å ha ein „under=graut" av risgraut, og så eit lag rjømegraut oppå. Øvst strødde dei gjerne eit lag kokte rosiner, forutan sukker og kanel. Det var fin „sengjakonemat". Sume brukte og å leggja „tebrød" eller småkaker oppå grauten.

I byrjinga av dette hundreåret var den vanlegste sengekonematen: 1 Rjømegraut, eller (og) risgraut. 2. Kjøtmål med sviskesupa eller disar til. 3. Dravle og krotakling. 4. Kringla frå bakar med sjokolade til. Eller stor heimebakt kringla med sjokolade til.

Seinare har det vorte ymse slag heimebakte kaker i staden for kringla. I dei siste tiåra også blautkaker. Blomster er byskikk – eg veit ikkje av at det har vore brukt i våre grender –.

17. Nei.

18. No er det så, at dei skal koma anten med eit matmål (sengjakonemat),

8295

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

eller gje ei gåva til barnet i staden. Det kan vera eit kleplagg til den vesle, eit kjoletøy, eit ullteppe eller liknande.

19. Ja, dei heldt Skirslaveitsla (Skitlaveitla). I den var husens folk med, tenarar og alt, og så fadrane. Sume av naraste slekta kume leidast med, eller kjenningar. Hadde huslyden lang veg, leigde dei seg inn hjå einkvan på Vangen, og hadde sjølv med mat og alt dei trong i veitsla.

20. Namnet var Skirslaveitsla (Skitlaveitla.) Men barsel var og brukt.

21. Nei. Det var husbondsfolket som heldt maten, anten veitsla var i heimen eller på Vangen.

23. Husbondsfolket held veitsla også no. Anten i heimen, eller ved å tinga på i ein kafé på Vangen.

## B. Födselsdag.

24. Födselsdagen vart alltid mint på ei eller onnor vis så lenge eg kan minnast, frå för 1900. Og det både for born og vaksne.

Straks ein mötte vedkomande om morgonen, måtte ein ta i handa og ynskja til lukka med dagen. Det gjorde alle i huset, og grannane like eins når dei fekk auga på den som fyllte år. Hadde ein ei lita gåva å gje, fleidde ein gjerne den med det same. Mann gav kona gåva, og kona mann. Borna fekk alltid ei gåva hjå far og mor. Hjå sys=

8295

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

kena kume det vera så ymse, det slumpa gjerne ei gåva frå einkvan av dei.
Ein gong frampå dagen skulle det vera eit måltid som höyrde årsdagen til. Det var, når me borna hadde årsdag, sjokolade, kling og kaka, og småkaker. Når dei vaksne hadde årsdag, var det kaffi istaden for sjokolade. Stundom var huslyden åleine om dette målet, andre tider var nokre slekningar eller vener innbedne. I sume hus brukte dei skjenk og smikk.
25. Dersom det med „å holde födselsdag" meinast halda selskap, så hadde dei det ikkje kvart år for vaksne. Men berre ved 10 års runde tal.
26. Så langt tilbake som eg har höyrt fråsegn om, kom ingen andre enn innbedne. Ingen ville finna på å gå til eit „gjeburtsdagsbarn" ubeden, det var ei "skam. Om ein granne kom innom og ynskte til lukka, smatt han fort ut att.
Det var anten slektningar eller vener som vart bedne, grannar kunne ein også be. Men det var ikkje vanleg å be alle grannane, ikkje store lag. I den siste tid har dei bede til större lag ved 50 - 60 - 70 - 80 års dagar.
27. För var det ikkje skikk å gje noker gåva om ein vart beden i eit födselsdagslag. I dei siste 20-25 åra har dei teke til med det. Anten at kvar har ei lita gåva, eller dei slår seg i hop. Men ingen annan enn dei bedne plar gje gåver.

8295

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

28. Ja. Ein skulle vera serskilt innbeden. Og er, såvidt eg veit, så den dag i dag. I vår grend har eg ikkje høyrt anna, enn dei får avgjera sjølve om dei vil ha gjester den dagen.
29. Ja, det skal vera kaffi, eller (og) sjokolade, kling, vafler, kringle, og gjerne både småkaker og blautkake (men ikkje med ljos på).

C. Konfirmasjon.

30. Frå det fyrste eg har høyrt om konfirmasjonen, var den halden som ei still alvorleg høgtid i kyrkja og i heimen. Det var ein familiefest. Alle i heimen var med, tenarar og arbeidsfolk. Det var høgtidsmat og ingen serskilde gåver til konfirmanten. Konfirmanten sjølv gjekk i bunad og dei andre i høgtidsklede av ymse slag.
31. Liknande var det då eg voks opp. Me var mange syskin, og tenarar attåt; så det vart eit lag berre av husens folk. Stundom vart nokre av næraste slektningane innbedne, like eins fadrane. Såleis var skikken også hjå andre.
32. Skikken med å be berre fadrane, og ein del av næraste slekta, har halde seg langt utover. No etter 1945 har byrja halda større lag. Og også noko dei kallar etterlag. Då bed dei grannar og kjenningar som ikkje var i konfirmasjonslaget. Læraren bed nok einkvan på konfirmasjonsdagen, like eins presten, men dei kan ikkje vera i meir

8295

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

enn eitt lag.
33. Nei. Det korkje har vore eller er skikk.
34. I min oppvokster fekk ein ei gåva hjå far og mor, og kanskje frå nokre av næraste slekta. Eg fekk ei gild gåva hjå far og mor, ei hjå leestemor, og ei hjå farsyster og mannen.
No er det skikk at dei som vert bedne i konfirmasjonslaget, gjev gåver til konfirmanten. Dei som vert bedne i etterlag kan nok gje ei gåva, men det er ikkje endå nokon fast skikk. Andre sender ikkje gåver til konfirmanten.
35. Eg veit ikkje av at dei har „leestemte" retter i konfirmasjonslag.

D. Bryllaup.
36. Ja, det har frå gamalt av vore halde „festarveitsla", kalla anten „festarveitla" eller „leilaveitla".
37. Den vart vanleg halden i hans heim. Bedne var festarmöya og hennar foreldre, og så „leilamannen". Fleire kunne og vera innbedne. Var ho jordagjenta vart „leilaveitla" halden i hennar heim. Og var lerre ho frå gard, var det like eins. No vert det og halde „leilaveitla" i hans heim, med fåre eller fleire innbedne frå kvar familie.
38. a) Brudedagen 4 mål. Frukost för dei för til kyrkje. Middag då dei kom att. Kaffi. Kveldsmat. Desutan skjenk og skautadans. Andredagen liknande. 5

8295
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

mål dersom folket ikkje reiste i kveldinga; for den dagen var det tidlegare nistv.
b). I gamal tid.
Frukost: Kling og dravle, kaker av ymse slag, mjølk, øl.
Middag: Rjømegraut, dravle, mjølk, øl.
Kveldsmat: Grynsupan (av erter og gryn), røykt kjøt og poteter, kokt i kjøtmasting.
I nyare tid.
Frukost: Brødmat, framsett med gardssmør og pålegg av mange slag, påsmurd bryllaupskling, småkaker, kaffi, mjølk.
Middag: Kjøtrett med sos, poteter og grønsaker. Dessert.
Kaffi: Alle slag småkaker, bryllaupskling, blautkake, kaffi.
Kveldsmat: Rjømegraut, uspedd med flatbrød til, sukker på, søt mjølk.
c). Ja. Det var rjømegraut, dravle, bryllaupskling. No er det og så, ivissa ved 2 dagars bryllaup.
d). Ja, dei hadde eit program for 1ste, 2dre, 3dje dag o.s.b. Men grauten var alltid fyrstedag, bruradagen. Noko sers lag for hjelparane var det ikkje.
39. Grenda gav mjølk – (bar mjelkja). Det gjer dei no òg. Før skulle gjestene ha med seg sending, „fodner". Kvar gjest: 1 smalelem, lår eller bog, 1 ost ~~1 kg. gardssmør~~, 3 liter rjøme. Det er for lenge sidan slutt å ha med seg „fodner".
40. Nei.
41. Nei, det har eg aldri høyrt.
42. Fodn, ei, fodner.
43. Dei tok det sjølve med seg åt

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

8295

bryllaupsgarden når dei kom.
44. Forutan mjölka, den måtte einkvan gå med på föremiddag dagen för bryllaupet byrja. Mjölkefolket fekk traktering og ei viss „heimattsending". Dei kalla det berre traktering av mjölkefolket.
45. Ja, mjölkefolket fekk med seg „heimattsending". Dei som kom og henta hestane på bruredagen fekk óg „traktering".
46. Matmödrene („matmör'ne"). Eldre koner.
47. 8 dagars, eller vikebryllaup er det forbi med. I seinare tid har det vore halde berre 3 dagars eller 2 dagars bryllaup.
48. Det er ein del som held bryllaup på hotell. Dei kan ha tinga maten der. Men dei aller siste åra er det svært mange som held maten sjölve, og berre tingar hus, tillaging av middag og servering av nokre mål på hotell eller pensjonat. Det som vert att av maten tek dei med seg heim. Dei kan halda etterlag på det.
49. Ein del reiser til Bergen og let seg vía utan bryllaup.
50. Dei får ein stump gåver frå slekta. I det aller siste også hjå andre. Dei held då etterlag for dei, når dei kjem heim att.
51. Dei held ikkje fest på bryllaupsdagen kvart år. Heller ikkje ved „runde tall". Berre sylvbryllaup, gullbryllaup – og slike som seinare tilhöyrer, om dei opplever det.

8295

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

E. Gravöl.

52. Gravöl vert på Voss kalla likfylgji. Dei som vart bedne var slekta. Om det var gifte folk, hans og hennar næraste slekt. Grannane i grenda. Alle i næraste stovene, dei ektepar som sat med garden, og kårfolket, i dei andre stovene. To hjå kvar av husmenn eller oppsitjarar. Naraste venene til den avdöde.

53. I eldgamle dagar heldt dei likvöka medan den döde låg lik. Då hadde dei mat og drykk, og heldt danselag i stova kring den som låg på likstrå. Det måtte vera ein reinbarka heidensk skikk. Så seint som i 1830-40 åra heldt dei ei slik likvöka i ei stova på Grovu, Kvitle.

Men det dei kalla likfylgje varde ikkje meir enn ein dag, etter det eg har höyrt. Slekt som hadde lang veg kunne nok koma dagen för, og også liggja over til tridje dag, men sjölve likfylgjet var berre ein dag. Dei hadde ein "talsmann" til å tala "ut" liket i heimen, presten var berre ved kyrkja.

54. Dei serverte ved langbord. Og det var meir enkel mat enn i bryllaup. Dravle og krotakking, ymse slag kaker. Fisk og grynsupan (risengryn). Rjomegraut har eg ikkje höyrt dei brukte.

55. Det måtte vera rjomegraut.

56. Nei.

57. I eldre tid vart det alltid halde i heimen.

58. I gamal tid hadde dei vel sen=

8295

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

dingar med seg, men det munde dei slutta med tidleg. Eg har ikkje höyrt dei hadde det.
61. Nei.
62. Nei.
63. Såvidt eg veit, har dei ikkje brukt alkohol i likfylgje etter dei slutta med heimebrygg.
64. Nei. Det heldt seg lenger i bryllaup og andre gjestebod.
65. Det er ymist. I vår grend hadde dei før frukost i heimen, og så anten smörbröd og kaffi, eller middag med kaffi etter, på ein kafé på Vangen. No har dei slutta med frukosten i heimen, og har mat berre på Vangen.
66. Nei.
67. Ja, på kafé eller hotell på Vangen. Det er no det vanlegaste. Liket vart köyrt ned på fyrehand. Men ved „kistelegging" samlast granmane i heimen, og då får dei kaffi og mat.
68. Det har dei aldri gjort, og gjer ikkje. Mann eller kvinna går runst og bed inn.
69. I byrjinga av dette hundreåret. Men ikkje alle gjorde det. Seinare har det vorte fast skikk.

F. Nye festar.
70. Ein plar ha rjomegraut eller risgraut.
71. Morsdagen höyrde ein ikkje gjete før for omlag 30 år sidan. No er det mange som held den.
72. Det trur eg ikkje. Men mange

8295

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

13



held morsdagen som dag både for mor og far. Borna gjer då arbeidet.

73. Nei. Borna bakar ymse slag kaker.

74. Nei. Ikkje det eg veit.

75. Av stykke i aviser. Gjennom skulen. Ymse mødrer var imot det. Dei sa: Er det berre ein dag i året som skal vera mors dag? Skal ho ha hjelp, og visast ära berre den dagen? Og kvifor er det ikkje også fars dag? Kan dei ikkje ha dagen saman?

8295

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING